


Kommunen treng hjelp frå dei med helsefagleg utdanning.

15.03.2020



Kommunen ynskjer å koma i kontakt med dei som har helsefagleg utdanning.

Har du helsefagleg utdanning eller erfaring, men arbeider med heilt andre oppgåver i dag? Då håpar kommunen at du registrerer deg via vårt digitale skjema.
I første omgang ønskjer vi ei oversikt over tilgjengeleg helsepersonell. Dersom vi kjem i ein situasjon der vi manglar personell, tek vi direkte kontakt med deg. Vi tenkjer i fyrste omgang på helsefagstudentar, medisinstudentar, sjukepleierstudentar, vernepleiarstudentar, personar med helsefagleg erfaring eller kompetanse, også innan privat sektor.

Kommunen er i ein situasjon der personellressursar, særskilt innan helse- og omsorgstenestene, må disponerast på ein mest mogleg fornuftig måte.

Smittesituasjonen er i stadig endring, og tiltak må kunne tilpassast situasjonen.
Helsepersonell i Kvinnherad kommune bør i størst muleg grad, i noverande situasjon med auka smittefare, unngå å arbeida på fleire avdelingar/einingar. Helsepersonell skal heller ikkje oppsøkja arbeidsplassen sin utanom arbeidsvakta, med mindre anna er særskilt avtalt med leiar.

Meir informasjon og påmelding på Kvinnherad kommune sine heimesider.

Tekst/foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal